



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

St.prp. nr. 21

(2005–2006)

Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2005 under Barne- og familiedepartementet

Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 25. november 2005, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Stoltenberg II)

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2005 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 800 Barne- og familiedepartementet

Post 01 Driftsutgifter

På kap. 800 Barne- og familiedepartementet post 01 Driftsutgifter er det eit meirbehov på 2,33 mill. kroner som kjem av at mellombelse tiltak vert utførte av departementet, men finansierte over ulike fagkapittel.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 800 Barne- og familiedepartementet post 01 med 2,33 mill. kroner mot ei innsparing på 0,83 mill. kroner på kap. 841 Familievern og konfliktløysing post 22 Kompetanseutvikling og opplæring, meklingskorpset o.a., 0,6 mill. kroner på kap. 856 Barnehagar post 21 Spesielle driftsutgifter, 0,335 mill. kroner på kap. 857 Barne- og ungdomstiltak post 73 Ungdomstiltak i større bysamfunn og 0,565 mill. kroner på kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid post 21

Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 88 600 |
| Løyving 2005 ¹ | 84 814 |
| Forslag til tilleggsløyving..... | 2 330 |

¹ Inklusive fordeling av innsparingsfullmakt vedteke i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005 og lønsoppgjøret 2005.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

På kap. 800 Barne- og familiedepartementet post 21 Spesielle driftsutgifter er det eit meirbehov på 2,19 mill. kroner som kjem av at tiltak av mellombels karakter i realiteten vert utført av departementet, men vert finansierte over ulike fagkapittel. Tiltaka vert såleis dekte innafør den samla ramma til departementet. Det gjeld mellom anna midlar til nasjonale ekspertar. Ei slik teknisk overføring inneber ikkje ei svekking av faglege føremål i kapitla.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 800 Barne- og familiedepartementet post 21 med 2,19 mill. kroner mot ei innsparing på 0,097 mill. kroner på kap. 844 Kontantstønad post 21 Spesielle driftsutgifter, 0,428 mill. kroner på kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet post 21 Spe-

sielle driftsutgifter, 0,74 mill. kroner på kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet post 71 Utvikling og opplysningsarbeid o.a., 0,065 mill. kroner på kap. 857 Barne- og ungdomstiltak post 73 Ungdomstiltak i større bysamfunn og 0,86 mill. kroner på kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid post 21 Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 3 997 |
| Løyving 2005..... | 3 296 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 2 190 |

Kap. 840 Krisetiltak

Post 60 Tilskot til krisesenter, overslagsloyving

Utgiftene til tilskot til krisesentra i 2005 er rekna til å bli 15,488 mill. kroner høgare enn løyvinga på 99,512 mill. kroner.

Meirbehovet kjem av høgare kommunale tilskot til krisesentra enn rekna med i saldert budsjett. Auka kommunale tilskot utløyser auka statlege tilskot.

Departementet foreslår å auke kap. 840 post 60 med 15,488 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|-----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 ¹ | 77 626 |
| Løyving 2005..... | 99 512 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 15 488 |

¹ Inklusive tilskot til incestsenter.

Kap. 841 Familievern og konfliktløsning

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsloyving

Utgiftene til meklingsgodtgjersle er i 2005 rekna til å bli 1,356 mill. kroner høgare enn løyvinga på 10,786 mill. kroner.

Meirbehovet kjem av at fleire meklingar blir utførte utanfor familievernet enn lagt til grunn for løyvinga i saldert budsjett. Dette kjem mellom anna av at ventetida hjå eksterne meklarar er kortare enn i familievernet.

Departementet foreslår å auke kap. 841 post 21 med 1,356 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 10 481 |
| Løyving 2005 | 10 786 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 1 356 |

Post 22 Kompetanseutvikling og opplæring, meklingskorpsset o.a.

Departementet foreslår at posten vert redusert med 0,830 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 01. Sjå omtale under kap. 800 post 01.

| | (i 1 000 kr) |
|------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 5 468 |
| Løyving 2005 | 5 988 |
| Forslag om å redusere løyving..... | -830 |

Kap. 842 Statleg forvaltning av familievernet (jf. kap. 3842)

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

I 2004 vart familievernet feilaktig belasta ein kostnad som barnevernet skulle ha dekkka. For å kompensere for dette, foreslår BFD å redusere løyvinga på kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet post 01 Driftsutgifter med 2,8 mill. kroner. Løyvinga på kap. 842 post 01 vert auka tilsvarende. Sjå omtale under kap. 855 post 01.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 144 349 |
| Løyving 2005 | 144 879 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 2 800 |

Kap. 844 Kontantstønad

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under kap. 846 post 50

Departementet foreslår at posten vert redusert med 0,097 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 21. Sjå omtale under kap. 800 post 21.

| | (i 1 000 kr) |
|------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 1 990 |
| Løyving 2005 ¹ | 1 080 |
| Forslag om å redusere løyving..... | -97 |

¹ Inklusive fordeling av innsparingsfullmakt vedtekte i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til kontantstønad i 2005 er rekna til 2 940 mill. kroner, som er 13,5 mill. kroner under løyvinga på 2 953,5 mill. kroner i Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Det siste overslaget byggjer på tal ved utgangen av september, som inneber at verknaden av hovudinntaket i barnehagane er rekna med i talet på barn med kontantstøtte.

Mindreutgiftene kjem av at det er færre barn som mottar kontantstønad og at utbetalt stønad per barn er lågare enn tidlegare lagt til grunn i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 844 post 70 med 13,5 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004..... | 3 124 763 |
| Løyving 2005..... | 2 953 500 |
| Forslag om å redusere løyvinga | - 13 500 |

Kap. 845 Barnetrygd*Post 70 Tilskot*

Utgiftene til barnetrygd i 2005 er rekna til 14 290 mill. kroner, som er 20 mill. kroner under løyvinga på 14 310 mill. kroner.

Mindreforbruket kjem av lågare utbetalingar av ordinær barnetrygd, finnmarkstillegg og ekstra småbarnstillegg til einslege forsørgjarar enn lagt til grunn for løyvinga i saldert budsjett.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 845 post 70 med 20 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004..... | 14 219 565 |
| Løyving 2005..... | 14 310 000 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -20 000 |

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet (jf. kap. 3854)*Post 01 Driftsutgifter – Fylkesnemndene for sosiale saker*

Fylkesnemndene for sosiale saker er eit statleg, kollegialt og uavhengig forvaltningsorgan som behandlar og avgjer saker om tvangstiltak etter barnevernlova, sosialtenestelova og smittevernlova. Den klart største delen av saker er etter barnevernlova. Vedtak gjort i fylkesnemnda kan

berre påklagast av domstolane. Arbeidet til fylkesnemnda og tidsfristar for arbeidet er fastsett i lov.

Det er vanskeleg på førehand å gi gode anslag for utviklinga i talet på saker som vert meldt til fylkesnemndene for sosiale saker. I første halvår 2005 var sakstala om lag det same som for same tidsperiode i 2004, mens det per 1. oktober 2005 har vore ei auke på om lag åtte prosent samanlikna med same periode i 2004.

I prognosar per 1. oktober 2005 har fylkesnemndene for sosiale saker meldt eit behov på om lag 95 mill. kroner. Dette ligg om lag 4 mill. kroner over løyvinga på posten. Departementet foreslår å auke kap. 854 post 01 med 4 mill. kroner mot tilsvarande innsparing på kap. 854 post 21.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 96 088 |
| Løyving 2005 ¹ | 92 167 |
| Forslag til tilleggsløyving..... | 4 000 |

¹ Inklusive lønsoppgjeret 2005.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet foreslår at posten vert redusert med 4,428 mill. kroner. Av dette er 0,428 mill. kroner knytt til finansiering av meirutgifter under kap. 800 post 21. Vidare gjeld 4 mill. kroner ei intern innsparing for å dekkje meirutgifter under kap. 854 post 01. Innsparinga fører til reduserte midlar til utviklingsarbeid knytt til barnevernet.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 21 374 |
| Løyving 2005..... | 27 144 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -4 428 |

Post 64 Tilskot for einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar, overslagsløyving

Posten dekkjer det særskilte tilskotet som vert utbetalt til kommunane når einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar vert busette. Løyvinga dekkjer og statsrefusjon for kommunale utgifter til barneverntiltak knytt til denne gruppa. Det særskilte tilskotet vert utbetalt frå UDI og statsrefusjonen via Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Ordninga er regelstyrt og posten er ei overslagsløyving. Talet på einslege, mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar som kjem til landet i 2005 er venta å bli om lag 230.

I prognosar per 1. oktober 2005 har Bufetat meldt eit behov på om lag 135,2 mill. kroner, medan UDI har stipulert utgiftene sine til å bli om lag 129,5 mill. kroner. I tillegg har departementet motteke refusjonskrav frå fylkesmannen i Troms og Finnmark på om lag 200 000 kroner. Det inneber at det er behov for ei tilleggsløyving i 2005 på 59,5 mill. kroner. Departementet foreslår å auke kap. 854 post 64 med 59,5 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 287 423 |
| Løyving 2005..... | 205 400 |
| Forslag til tilleggsløyving..... | 59 500 |

Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid o.a.

Departementet foreslår at posten vert redusert med 0,74 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 21. Sjå omtale under kap. 800 post 21.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 20 415 |
| Løyving 2005..... | 23 110 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -740 |

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 3855)

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Departementet foreslår at posten vert redusert med 2,8 mill. kroner for å kompensere familievernet for ein feilaktig belasta kostnad i 2004. Sjå omtale under kap. 842 post 01.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 1 955 950 |
| Løyving 2005 ¹ | 2 037 307 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -2 800 |

¹ Inklusive lønsoppgjert 2005.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet foreslår at posten vert redusert med 16,82 mill. kroner. Dette må sjåast i samband med meirutgiftene under kap. 855 post 70. Sjå omtale under kap. 855 post 70.

| | (i 1 000 kr) |
|-------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 17 649 |
| Løyving 2005 | 51 649 |
| Forslag om å redusere løyvinga..... | -16 820 |

Post 45 Større utstyrsnyskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Departementet foreslår at posten vert redusert med 15,85 mill. kroner. Dette må sjåast i samband med meirutgiftene under kap. 855 post 70. Sjå omtale under kap. 855 post 70.

| | (i 1 000 kr) |
|-------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 47 889 |
| Løyving 2005 | 56 952 |
| Forslag om å redusere løyvinga..... | -15 850 |

Post 70 Tilskot til kjøp av plassar, tiltak o.a., kan nyttast under post 01

Då staten overtok ansvaret for det fylkeskommunale barnevernet frå 1. januar 2004 var målsettinga å heve kvaliteten og redusere kostnadsveksten, jf. strategi om den statlege overtakinga av det fylkeskommunale barnevernet og familievernet (Rundskriv Q-19 2003). I tråd med dette er det frå staten overtok ansvaret for det fylkeskommunale barnevernet gjennomført fleire tiltak som medverkar til eit betre barnevern:

- Det er etablert eit nytt direktorat som ei sentral styrande og koordinerande eining i etaten, og fem nye regionkontor. Dette har vore viktig for arbeidet med å få eit likeverdig tilbod i heile landet og for å få til ein betre fagleg og økonomisk styring og utvikling av verksemda, som var sentrale målsettingar for den statlege overtakinga av barnevernet.
- Dei 26 fagteama, som står for kontakten mellom etaten og med kommunane, er styrka. Gjennom kontinuitet i kontakten med det kommunale barnevernet vert det lagt til rette for at det statlege barnevernet vert involvert tidlegare i arbeidet med einskildsaker. Dette er viktig for å gi rett hjelp på eit tidleg stadium. Fagteamet deltek med sin kompetanse i utgreiingsfasa og medverkar med dette til at tiltaka vert mest mogeleg treffsikre.
- Fagteama følgjer opp plasseringar utanfor heimen for derigjennom å sikre at grunngevinga for plasseringa er styrande for innhaldet i tiltaket.

- Kvaliteten i institusjonstilbodet har auka. Alle offentlege og private institusjonar er vurderte i høve til Forskrift om godkjenning av institusjonar og Forskrift om krav til barnevernsinstitusjonar. 30 prosent av institusjonane har fått pålegg om fagleg og materiell styrking. Det har vore etterkontrollar som sikrar at naudsynte utbetringar har funne stad og det skjer no oppfølging gjennom nye kontrollbesøk både i private, kommunale og statlege institusjonar.
- Fosterheimstenesta er utvida og dels desentralisert for å auke rekrutteringskapasiteten samt for å styrkje kvaliteten i rekrutteringsarbeidet. Dermed vert det færre barn som må flytte frå heim til heim.
- At fleire barn og unge skal få hjelp utan å måtte flytte ut av familien sin er ei klar føring for arbeidet til barnevernet. Auka i talet på nærmiljøbaserte tiltak frå staten overtok ansvaret stadfester dette. Barn og unge med åtferdsvanskar har i dei siste åra fått denne type tilbod gjennom mellom anna MST¹, PMTO² og Webster Stratton³.
- Arbeid med etablering av fem nye åtferdsinstitusjonar basert på det siste tilgjengelige av fagkunnskap har føregått sidan 2004. Institusjonane opnar hausten 2005/våren 2006.

I tillegg til at arbeidet med å etablere eit betre barnevern vart prioritert, vart det sett i gang eit omfattande omstillingsarbeid for å redusere kostnadsveksten i sektoren. Tiltaka er vidareført i 2005. Det har likevel vist seg, etter at ein no har fått meir informasjon om den faktiske kostnadsutviklinga i 2005, at det var meir ressurskrevjande å sikre ei god fagleg verksemd enn tidlegare lagt til grunn, samtidig som omstillingsarbeidet ikkje har hatt så stor innsparingseffekt i 2005 som ein gjekk ut frå. Innsparinga har ikkje vore tilstrekkeleg til å dekkje inn kostnadane ved etableringa og omstillinga. Etaten har samtidig hatt ein klar vekst i talet på barn under tiltak både i 2004 og 2005. Rekneskapsutviklinga for tredje kvartal indikerer eit vesentleg meirforbruk i 2005. BFD ser alvorleg på

¹ Multisystemisk terapi (MST) er eit tidsavgrensa og intensivt familiebasert program. Målgruppa er ungdom mellom 12 og 17 år med store åtferdsvanskar som rus, kriminalitet, skulking, og så vidare.

² Metoden Parent Management Training Oregon (PMTO) er rådgiving for foreldre til "vanskelige" barn mellom 3 og 12 år som viser tydelige teikn på høgt aggresjonsnivå, og som hyppig kommer i konflikt med andre barn og voksne.

³ Webster Stratton programmet retter seg mot barn i alderen 3 - 8 år. Fokus på tidlig intervensjon står sentralt og effekten av programmet er godt dokumentert.

meirforbruket og arbeider med tiltak for å sikre at fastlagte budsjettrammer kan haldast.

Riksrevisjonen peikar og i sin rapport (Dokument nr. 1 (2005-2006)) på sider ved styringa til BFD og Bufetat som ikkje fungerer tilfredstillande. BFD ser alvorleg på dette og vil setje i verk tiltak med sikte på å betre den økonomiske styringa i og av etaten. I samband med dette vil BFD internt auke ressursbruken knytt til etatsstyring, og ha ei tett oppfølging av direktoratet med særskilt vekt på kritiske faktorar i den økonomiske utviklinga. Bufdir vil og, i dialog med BFD, vurdere eventuelle tiltak for å betre styringa av regionane.

På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke kap. 855 post 70 med 215 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 1 264 998 |
| Løyving 2005..... | 1 123 292 |
| Forslag til tilleggsløyving..... | 215 000 |

Kap. 856 Barnehagar (jf. kap. 3856)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under kap. 846 post 50

Departementet foreslår at posten vert redusert med 0,6 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 01. Sjå omtale under kap. 800 post 01.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 24 980 |
| Løyving 2005 ¹ | 27 880 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -600 |

¹ Inklusive fordeling av innsparingsfullmakt vedteke i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Post 61 Investeringstilskot, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer eingangstilskot til dekking av anleggskostnader ved etablering av nye barnehageplassar. Investeringstilskotet vert gitt til etablering av ny kapasitet i ordinære barnehagar som aukar talet på barn i barnehagen.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 20 mill. kroner. Det er knytt vesentleg uvisse til kor mange prosjekt som vil opne i 2005 eller 2006 og om det vil bli søkt investeringstilskot i 2005 eller 2006. I tillegg vil kompensasjon av meirverdiavgift få ulik verknad frå prosjekt til prosjekt.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 257 729 |
| Løyving 2005..... | 230 000 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 20 000 |

Kap. 857 Barne- og ungdomstiltak

Post 73 Ungdomstiltak i større bysamfunn, kan overførast

Departementet foreslår at posten vert redusert med 0,4 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 01 og 21. Sjå omtale under kap. 800 post 01 og 21.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 23 199 |
| Løyving 2005..... | 39 267 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -400 |

Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid

Post 21 Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid

Departementet foreslår at posten vert redusert med 1,425 mill. kroner for å finansiere meirutgifter under kap. 800 post 01 og 21. Sjå omtale under kap. 800 post 01 og 21.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 5 022 |
| Løyving 2005 ¹ | 6 679 |
| Forslag om å redusere løyvinga | -1 425 |

¹ Inklusive fordeling av innsparingsfullmakt vedteke i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Kap. 2530 Fødselspengar og adopsjonspengar

Post 70 Fødselspengar til yrkesaktive, overslagsløyving

Utgiftene til fødselspengar i 2005 er rekna til 9 170 mill. kroner, som er 284 mill. kroner under løyvinga på 9 454 mill. kroner vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Ein reknar med at færre kvinner vil motta fødselspengar og at utbetalinga per familie vil vere lågare enn lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2530 post 70 med 284 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|-------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 8 897 413 |
| Løyving 2005 | 9 454 000 |
| Forslag om å redusere løyvinga..... | -284 000 |

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til eingongsstønad i 2005 er rekna til 435 mill. kroner, som er 25 mill. kroner meir enn løyvinga på 410 mill. kroner slik ho blei justert til i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Ein reknar med at fleire kvinner vil motta eingongsstønad enn lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 2530 post 71 med 25 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 419 764 |
| Løyving 2005 | 410 000 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 25 000 |

Post 73 Adopsjonspengar, overslagsløyving

Utgiftene til adopsjonspengar i 2005 er rekna til 135 mill. kroner, som er 15 mill. kroner under løyvinga på 150 mill. kroner vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Ein reknar med færre kvinner med adopsjonspengar per månad enn lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2005.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 2530 post 73 med 15 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|-------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 145 976 |
| Løyving 2005 | 150 000 |
| Forslag om å redusere løyvinga..... | -15 000 |

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet (jf. kap. 854)

Post 04 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytt til mottak av asylsøklarar og flyktingar kan etter statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Færre einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar kjem til landet enn tidlegare. Det fører og til at færre vert busette i løpet av det første året. Departementet foreslår å redusere kap. 3854 post 04 med 7 mill. kroner.

| | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004..... | 14 720 |
| Løyving 2005..... | 12 400 |
| Forslag om å redusere løyvinga | - 7 000 |

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 855)

Post 60 Kommunale eigendelar

Prognosane for kommunale eigendelar frå regionane har auka med 3,9 mill. kroner. Aukinga kjem av fleire barn i statlege barneverntiltak.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3855 post 60 med 3,9 mill. kroner for 2005.

| | (i 1 000 kr) |
|----------------------------------|--------------|
| Rekneskap 2004 | 351 074 |
| Løyving 2005..... | 602 000 |
| Forslag til tilleggsloyving..... | 3 900 |

Barne- og familiedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit vedlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2005 under Barne- og familiedepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2005 under Barne- og familiedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2005 under Barne- og familiedepartementet

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|------------|
| 0800 | | Barne- og familiedepartementet (jf. kap. 3800) | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med frå kr 84 814 000 til kr 87 144 000 | 2 330 000 |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 3 296 000 til kr 5 486 000 | 2 190 000 |
| 0840 | | Krisetiltak | |
| | 60 | Tilskot til krisesenter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 99 512 000 til kr 115 000 000 | 15 488 000 |
| 0841 | | Familievern og konfliktløsning | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... | 1 356 000 |
| | | frå kr 10 786 000 til kr 12 142 000 | |
| | 22 | Kompetanseutvikling og opplæring, meklingskorpset o.a., vert redusert med..... | 830 000 |
| | | frå kr 5 988 000 til kr 5 158 000 | |
| 0842 | | Statleg forvaltning av familievernet (jf. kap. 3842) | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , vert auka med..... frå kr 144 879 000 til kr 147 679 000 | 2 800 000 |
| 0844 | | Kontantstønad | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 846 post 50</i> , vert redusert med..... | 97 000 |
| | | frå kr 1 080 000 til kr 983 000 | |
| | 70 | Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med..... frå kr 2 953 500 000 til kr 2 940 000 000 | 13 500 000 |
| 0845 | | Barnetrygd | |
| | 70 | Tilskot, vert redusert med..... frå kr 14 310 000 000 til kr 14 290 000 000 | 20 000 000 |
| 0854 | | Tiltak i barne – og ungdomsvernet (jf. kap. 3854) | |
| | 01 | Driftsutgifter – Fylkesnemndene for sosiale saker, vert auka med.. frå kr 92 167 000 til kr 96 167 000 | 4 000 000 |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 27 144 000 til kr 22 716 000 | 4 428 000 |

| Kap | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| | 64 | Tilskot for einslige mindreårige flyktningar og asylsøklarar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 205 400 000 til kr 264 900 000 | 59 500 000 |
| | 71 | Utvikling og opplysningsarbeid o.a., <i>kan nyttast under post 50</i> , vert redusert med..... frå kr 23 110 000 til kr 22 370 000 | 740 000 |
| 0855 | | Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 3855) | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , vert redusert med frå kr 2 037 307 000 til kr 2 034 507 000 | 2 800 000 |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 51 649 000 til kr 34 829 000 | 16 820 000 |
| | 45 | Større utstyrsnyskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 56 952 000 til kr 41 102 000 | 15 850 000 |
| | 70 | Tilskot til kjøp av plassar, tiltak o.a., <i>kan nyttast under post 01</i> , vert auka med frå kr 1 123 292 000 til kr 1 338 292 000 | 215 000 000 |
| 0856 | | Barnehagar (jf. kap. 3856) | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 846 post 50</i> , vert redusert med..... frå kr 27 880 000 til kr 27 280 000 | 600 000 |
| | 61 | Investeringstilskot, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 230 000 000 til kr 250 000 000 | 20 000 000 |
| 0857 | | Barne- og ungdomstiltak | |
| | 73 | Ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 39 267 000 til kr 38 867 000 | 400 000 |
| 0865 | | Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, forskning, utviklings- og opplysningsarbeid, vert redusert med frå kr 6 679 000 til kr 5 254 000 | 1 425 000 |
| 2530 | | Fødselspengar og adopsjonspengar | |
| | 70 | Fødselspengar til yrkesaktive, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med..... frå kr 9 454 000 000 til kr 9 170 000 000 | 284 000 000 |
| | 71 | Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 410 000 000 til kr 435 000 000 | 25 000 000 |
| | 73 | Adopsjonspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 150 000 000 til kr 135 000 000 | 15 000 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|-----------|
| 3854 | | Tiltak i barne- og ungdomsvernet (jf. kap. 854) | |
| | 04 | Refusjon av ODA-godkjente utgifter, vert redusert med frå kr 12 400 000 til kr 5 400 000 | 7 000 000 |
| 3855 | | Statleg forvaltning av barnevernet (jf. kap. 855) | |
| | 60 | Kommunale eigendelar, vert auka med frå kr 602 000 000 til kr 605 900 000 | 3 900 000 |

